



Dato: 12.06.2019  
Arkivref: 2018/389-7154/2019

Saksbeh.: Arild Sunde Rinnan

Saksnr	Utval	Møtedato
35/19	Nærings- og utviklingsutvalet	24.06.2019

## Detaljregulering for del av Grebstadvegen - 1. gongs høyring og offentlig ettersyn

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Planforslaget Detaljregulering for del av Grebstadvegen (planid 15282018001) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

### Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 24.06.2019

Behandlingsinformasjon:

Heidi Hansen frå Nordplan viste Power-Point, orienterte og svara på spørsmål

Vedtak: som framlegget til rådmannen

### Samrøystes vedtak:

Planforslaget for del av Grebstadvegen (planid 15282018001) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 12-11.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Nærings- og utviklingsutvalet behandla den 10.09.2018 forprosjektet til ei reguleringsendring for delar av Grebstadvegen. Dette forprosjektet er grunnlaget for planarbeidet som no er gjennomført. Nordplan AS har utarbeida planforslaget på vegne av Sykkylven kommune, og blir no lagt fram for politisk behandling i NU med framlegg til vedtak om utlegging til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn.

### Saksopplysning og vurdering

Bakgrunnen for planforslaget var behovet for å oppgradere dagens reguleringsplan for Grebstadvegen frå 1989. Eit forprosjekt vart utarbeida av Nordplan AS og lagt til grunn for det vidare planarbeidet. Løysinga som vart valgt var ein tofeltsveg med fortau som fekk ei samla reguleringsbredde på 12 meter. Reguleringsplanen frå 1989 hadde ei reguleringsbredde på 16,5 meter. Traseen var vurdert på nytt utifra trafikale omsyn og innspel frå grunneigarar langs Grebstadvegen.

Traseen er i forprosjektet er i stor grad vidareført i planforslaget. Det er gjort justeringar i kryssløysinga ved Kagholvegen-Grebstadvegen med å lage ein betre vinkel på Kagholvegen der den møter Grebstadvegen. Dette for at krysset skal verte meir oversiktleg og trafiktrygt. Traseen er også justert noko ved enkelte eigedomar. Dette kjem fram i dokumentet der merknader til planforslaget ligg. Nordplan AS har kontrollert at alle eksisterande avkøyrslar får tilfredstillande stigning mot den nye vegen. Fortauet blir lagt på nordsida av Grebstadvegen frå krysset ved Grebstadlia og eit stykke forbi krysset Kagholvegen-Grebstadvegen. Der fortsetter fortauet på sørsida av Grebstadvegen til Dalevegen.

#### Eimsvegen

Det er planlagt å legge om Eimsvegen slik at den blir kobla på Grebstadvegen. Dette er eit ønske frå Statens vegvesen og frå bebuarar som brukar og bur langs Eimsvegen. Eimsvegen har i dag direkte avkøyrslar til Dalevegen og dårlege siktforhold. Den nye vegen vil splitte opp byggeområde B3 i kommunedelplanen, noko som vil redusere bustadpotensiale noko for gnr.7 bnr.11 på området. Men traseen som er valgt for Grebstadvegen i dette planforslaget er meir gunstig for gnr.7 bnr.11 enn å vidareføre regulert trase frå 1989. Denne ville gått rett gjennom heile eigedomen.

#### Sjurvegen

Ei omlegging av den nordlege delen av Sjurvegen er vidareført frå forprosjektet. Denne omlegginga er planlagt for å få ein alternativ tilkomst til Sjurvegen som får betre stigningsforhold og sikrere kryssing av Grebstadvegen, ved at kryssinga av vegen blir flytta bort frå Kagholvegen-Grebstadveg krysset. Det skal bli vurdert om denne vegen skal etableras samstundes som bygging av ny Grebstadveg, men det er ikkje satt krav om samtidig opparbeiding. Dette er for å kunne skille det som har med utbetring av Grebstadvegen og ein eventuell utbetring av Sjurvegen for gåande og syklende. Eit slikt prosjekt kan også omfatte ei omlegging av Sjurvegen utanfor dette planområdet slik at vegen også går utanom tunet på gnr.7 bnr.1. Kommunen har difor valgt å regulere inn omleggingsvegen nord på Sjurvegen, men ikkje satt krav om tidspunkt for opparbeiding.

I planprosessen har også tilkomsten til eigedomane ved dagens nordlege del av Sjurvegen vore eit tema. Kommunen har vurdert om denne tilkomstvegen bør fysisk stengast som ein del av å rydde opp i krysset Kagholvegen- Grebstadvegen. Dette for å lede biltrafikk og gåande/syklende som nyttar Sjurvegen bort frå dette krysset og til den regulerte omlegginga av Sjurvegen. Det ville då vore ein føresetnad å bygge omleggingsvegen samtidig med ny Grebstadveg. Eigedomane måtte då nytta den omlagte Sjurvegen heilt eller delvis for for å få tilkomst til sine parkeringsplassar. Vurderingane om stenging vart sendt på ei avgrensa høyring til dei aktuelle eigedomane langs Sjurvegen. Tilbakemeldingane var at dei ikkje ønska ei fysisk stenging av vegen då dette ville føre til ulemper, blant anna fordi garasjer, parkeringsplasser og tilkomst er orientert mot krysset Kagholvegen-Grebstadvegen. Dei meina også at det vil føre til meirkostnad med brøyting og forringelse av verdi på eigedomen. Denne delen av Sjurvegen er bratt og delar av parkeringsareala til eigedomane ligg i eller starten av bakken. Kommunen ser at ei fysisk stenging kan gje utfordringar for delar av eigedomane, spesielt på vinterstid. I planforslaget er det difor lagt opp til å halde avkjørsla til eigedomane open frå Kagholvegen/Grebstadvegen, men ved avkjørsla skal det skiltast stengt for gjennomkøyring (gjeld ikkje køyring til eigedomane) seinast når Grebstadvegen er bygd.

Det skal nemnast av Nordplan AS har råda kommunen til at den mest trafiktrygge løysinga vil være å fysisk stenge dagens avkjørslar til øvste del av Sjurvegen og bygge omleggingsvegen samstundes med ny Grebstadveg.

#### Arkeologi

Det er ikkje enda gjort arkeologiske registreringar langs vegtraseen. Dette er planlagt i veke 29. Ideelt sett så burde denne registreringa vore gjennomført før planen går ut til høyring og offentleg ettersyn. Om det blir gjort arkeologiske funn på staden, kan det føre til at traseen må leggas om og planforslaget må ut på eit nytt offentleg ettersyn.

#### Riving/flytting av bygg

Løa på Bastiangarden må rivast (gnr.7 bnr.20). Bygget er ikkje mogleg å bevare slik vegen no er planlagt. Løysinga gir minst inngripen i eksisterande bygningsstruktur, då vegutviding mot sør gir høve til ivaretaking av våningshus på Bastiangarden.

Stabburet og uthus/garasje(?) på gbnr 7/10 vil måtte flyttast eller rivast når vegen vert utbygd.

## Økonomiske konsekvensar

Kommunen finansierer reguleringsarbeidet og bygging av ny Grebstadveg.

May-Helen Molvær Grimstad  
rådmann

Bjarte Hovland  
einingsleiar

Arild Sunde Rinnan  
arealplanleggar

### Vedlegg:

- 1 15282018001-Grebstadvegen-Føresegner (29.05.19)
- 2 15282018001-Grebstadvegen-Plankart (29.05.19)
- 3 15282018001-Grebstadvegen-Planomtale (29.05.19)
- 4 15282018001-Grebstadvegen-ROS-analyse (07.05.19)
- 5 Oppsummering innspel\_merknader oppstart, revidert til regplan 07.05.19
- 6 Avgrensa høyring om stenging av øvste del av Sjurvegen og svar frå grunneigarar
- 7 Varslingsbrev Grebstadvegen\_offentlege med adresse
- 8 C001 Plan og profil Grebstadvegen 0-450\_A1\_1\_1000\_22.01.19
- 9 C002 Plan og profil Grebstadvegen 425-877\_A1\_1\_1000\_22.01.19
- 10 C003 Plan og profil Kagholvegen, Sjurvegen og Eimsvegen\_A1\_1\_1000\_22.01.19
- 11 C004 Plan og profil private avkøyrslar\_A1\_1\_1000\_22.01.19